



Radøy kommune  
Radøyvegen 1690  
5936 MANGER

Saksbehandlar, innvalstelefon  
Kåre Træen, 5764 3004

## Radøy kommune – søknad om godkjenning av kommunal garanti til Aufera AS

Radøy kommunestyre har i møtet 20.06.2019, sak 15/2019, gjort vedtak om å stille sjølvskuldnerggaranti til Aufera AS sitt låneopptak i Kommunalbanken på 12,5 mill. kroner til kjøp av ein eigedom. Garantiperioden er 30 år, med tillegg av inntil to år etter garantiforskrifta.

Kommunen sitt vedtak:

- *Radøy kommune garanterer med sjølvskuldnerggaranti for lån i Kommunalbanken som Aufera AS tek opp til kjøp av seksjon I gnr 45, bnr 264 I Radøy kommune.*
- *Garantien gjeld for hovudstolen på lånet, maksimalt NOK 12.500.000, med tillegg på 10% av til ei kvar tid gjeldande hovudstol, til dekking av mogelege påkomne renter og kostnader. Kommunen sitt maksimale garantiansvar kan ikkje overstiga NOK 13.750.000. Garantiansvaret vert redusert i takt med nedbetalinga av lånet, og opphøyrer etter 30 år, med tillegg av inntil 2 år, jf garantiforskrifta §3.*
- *Garantivedtaket skal godkjennast av Fylkesmannen i Vestland.*
- *Det er ein føresetnad for å gje garanti at det vert etablert avtale med Austrheim og Fedje om høvesvis fordeling av mogelege utbetalingar under garantien.*

### Lov og forskrift om kommunale garantiar

Kommunelova § 51 pkt. 1 og 2:

1. *Vedtak om å stille kausjon eller annen økonomisk garanti for virksomhet som drives av andre enn kommunen eller fylkeskommunen selv, skal godkjennes av departementet (fullmakt til Fylkesmannen av 27.02.2001).*
2. *Det kan ikke stilles kausjon eller annen økonomisk garanti knyttet til næringsvirksomhet som drives av andre enn kommunen eller fylkeskommunen selv.*

Kommunelova § 51 punkt 3 seier at departementet kan fastsetje nærare reglar om garantiar. I forskrift om kommunale og fylkeskommunale garantiar §§ 2 og 3 står det mellom anna følgjande:

2. *Når en kommune eller fylkeskommune stiller garanti for tredjepersons økonomiske forpliktelse, kan kommunen/fylkeskommunen forplikte seg ved simpel kausjon eller selvskyldnerkausjon.*
3. *Vedtak om garantistillelse og garantiavtale/-erklæring skal alltid angi garantiens varighet. Ved garantier knyttet til investeringer skal garantiens varighet ikke overstige investeringsobjektets levetid.*



*Garantiperioden kan ikke strekke seg utover 2 år fra forfall for fordringen mot hoveddebitor. Det kan ikke stilles garantier med varighet over 40 år.*

### **Bakgrunn for søknaden**

Aufera AS er ei godkjent VTA-verksemd (for personar som treng varig tilrettelagt arbeid) og er eit fullt ut kommunal eigd aksjeselskap, med Austrheim, Fedje og Radøy som aksjonærar. Radøy har 47 % av aksjekapitalen. Verksemda skal kjøpe ein eigedom på 750 kvm., som etter det nær doblar arealet i noverande lokale. Større lokale gjev høve til å auke omsetninga i vaskeriet, verkstaden og kjøkkenet. Det kan også bli høve til å etablere ein «kafekrok» i tilknytning til kjøkkenet. Det må gjerast omfattande ombyggingsarbeid i nye lokale. Kostnaden ved kjøp av eigedomen er 7,9 mill. kroner og for ombygginga 4,6 mill. kroner, til saman 12,5 mill. kroner. I tillegg skal verksemda selje ein eigedom, som har ein takst på 4 mill. kroner. Salssummen skal nyttast til nedbetaling av lån, men det er ikkje avklara pris og når tid salet kan skje.

Aufera AS hadde eit resultat i 2018 på kr 209 000, og ein eigenkapital på 1,8 mill. per 31.12.2018. Det er lagt fram drifts- og likviditetsbudsjett som kommunen vurderer til at dei auka rente- og avdragsutgiftene kan forsvarast. Det er budsjettert med positive resultat både for 2019 og 2020. Auka utgifter knytt til nytt lån, betyr at Aufera AS må auke omsetninga monaleg. Det er i 2020 budsjettert med 20 % auke samanlikna med driftsinntektene for 2018. Årlege avdragsutgifter på kr 416 000 vil belaste likviditeten betydeleg i 30 år framover.

Kommunen føreset at dei får tinglyst pant i eigedomen (seksjonen) for all garanti som er stilt, opp til 14,35 mill. kroner.

I saksutgreiinga til kommunen blir det peika på at ein kommunal garanti utgjør ein økonomisk risiko, sjølv med pant i eigedomen. Kommunen vurderer risikoen for tap som minimal. Om det skulle oppstå at kommunen må inn og dekkje avdrag og renter på lånet garantien er knytt til, er dette ikkje teke høgd for i avtalen med kommunane Austrheim og Fedje ettersom gjeldande avtale avgrensar seg til eit endeleg konstatert tap. Det må difor etablerast ein ny avtale med Austrheim og Fedje, som også omfattar moglege utbetalingar i garantiperioden.

Radøy kommune har per 31.12.2018 ein tidlegare garanti til Aufera AS på 1,850 mill. kroner.

### **Vurdering**

Med grunnlag Aufera sine vedtekter og vurderingar gjort i samband med garantiar gjeve til andre liknande VTA-verksemdar, meiner Fylkesmannen at Aufera AS ikkje driv næringsverksemd etter lov og forskrift om kommunale garantiar. Søknaden må difor vurderast med grunnlag i drifta og økonomien til verksemda og om det er forsvarleg for kommunen å stille ein sjølvskuldnargaranti opp mot risikoen for at kommunen kan pådra seg eit tap, som ev. kan få følgjer for andre oppgåver som kommunen skal utføre. Ved ein sjølvskuldnargaranti heftar kommunen også for manglande betalingsvilje, og kreditor (banken) kan krevje kommunen straks lånet er misleghalde. Alternativt er ein simpel garanti, der banken ikkje kan krevje kommunen før banken gjennom rettsleg pågang har konstatert at Aufera AS ikkje har midlar til å betene lånet.

Med grunnlag i tilsendte dokument vurderer vi det formelle og risikoen til kommunen for å stille ein sjølvskuldnargaranti til lånet til Aufera AS, som å vere innanfor det som ligg i rammene etter lov og forskrift.



**Vedtak**

Fylkesmannen godkjenner vedtaket til Radøy kommunestyre i sak 15/2019, i medhald av kommunelova § 51 nr. 1.

Med helsing

Anne Kristin Kayser Eitungjerde  
fung. kommunaldirektør

Kåre Træen  
seniorrådgjevar

*Dokumentet er elektronisk godkjent*